# ÅRSRAPPORT 2022

BIT20 Ensemble
Bergen



Foto: Synne Sofi Bårdsdatter Bønes

# Innhaldsliste


| | | |
|---|---|---|
| 01 | Innleiing | 4 |
| 02 | Ensemble | 5 |
| 03 | Formål, visjon og strategi | 6 |
| 04 | Aktivitet, innhald og fakta | 7 |
| | Konsertar og produksjonar | 10 |
| | Deltakarprosjekt | 24 |
| 05 | Statistikk | 26 |
| 06 | Kommunikasjon | 27 |
| 07 | Samareidspartnarar | 30 |
| 08 | Organisasjon | 32 |
| 09 | Helse, miljø og sikkerheit | 34 |
| 10 | Rekneskap | 35 |
| 11 | Vedlegg: Revisjonsberetning | 42 |




Foto: Sjur Pollen



Foto: Sjur Pollen

# 01 Innleiing

BIT20 Ensemble (BIT20) vart stifta i 1989 og er basert i Bergen. BIT20 Ensemble er eit av Nordens leiande samtidsmusikkensembler. BIT20s mål er å gjera samtidsmusikk kjent for eit breitt publikum, og arbeida for stadig høgare kvalitet og mangfald i framføring og presentasjon av ny musikk gjennom konserter, framsyningar, deltakarprosjekt og samtalar/diskusjonar.

2022 var første året med tilnærma normal aktivitet etter nokre utfordrande år prega av Covid-19. Ensemblet gjorde konserter på festivalar regionalt, nasjonalt og internasjonalt, samstundes som me haldt fram med vår eigen konsertserie om #NORDEN, dette året med fokus på Sverige og Finland. Me har urframført tingingsverk og fortset våre formidlings- og deltakarprosjekt, som pga. smittevern har vore redusert dei siste åra.

Kjerneverksemda er konsertar og framsyningar med sinfoniettaen – BIT20s profesjonelle utøvarensemble – på arenaer i inn- og utlands. Samstundes driv me aktivt med prosjekt der mennesker i alle aldrar vert involvert kreativt i å skapa musikk.

BIT20 er organisert som ein stiftelse med eit team på 22 personar fast tilknyta ensemblet. Sinfoniettaen består av 17 faste medlem, pluss kunstarisk leiar. Dei fleste musikarane er tilsett i Bergen Filharmoniske Orkester til dagleg. Me har ein eigen formidlingsansvarleg som har ansvaret for våre deltakarprosjekt. BIT20s administrative stab, som er nødvendig for drift og gjennomføring av BIT20s kunstnariske prosjekt, utgjer 3,1 årsverk fordelt på fem personar, herav ein kunstnarisk stilling.

BIT20 samarbeider kontinuerleg med komponistar, kunstnarar, teknikarar og kunst- og kulturorganisasjonar nasjonalt og internasjonalt.



Foto: Martyna Chmura

# 02 Ensemble

BIT20 Ensemble består av 17 faste musikarar og utgjer ein sinfonietta:

| | |
|---|---|
| **Ingela Øien** | Fløyte |
| **Hege Sellevåg** | Obo |
| **Håkon Nilsen** | Klarinett |
| **James Lassen** | Fagott |
| **Danilo Kadovic** | Horn |
| **Thorolf Thuestad** | Elektronikk |
| **Jon Behncke** | Trompet |
| **Chris Dudley** | Trombone |
| **Owen Weaver** | Perkusjon 1 |
| **Trond Madsen** | Perkusjon 2 |
| **Jarle Rotevatn** | Piano |
| **Johannes Wik** | Harpe |
| **Jutta Morgenstern** | Fiolin 1 |
| **Martin Schultz** | Fiolin 2 |
| **Liene Klava** | Bratsj |
| **Agnese Rugevica** | Cello |
| **Callum Jennings** | Kontrabass |

Trond Madsen er kunstnarisk leiar for BIT20 Ensemble i ein 40 prosent stilling.



Foto: Thor Brødreskift

# 03 Formål, visjon og strategi

Til grunn for BIT20s verksemd ligg ein strategi om identitet, visjonar, verdiar og målsettingar. Strategien tek utgangspunkt i kva som er BIT20 sitt oppdrag, og korleis me ynskjer å oppfylla dette. Strategien dannar eit rammeverk for all vår aktivitet og våre kunstnariske prosjekt.

**Stiftelsens formål**
Formålet er "å fremma utøvinga av norsk og internasjonal samtidsmusikk, og å gjera denne kjent for eit breitt publikum."

Stiftelsen har ikkje erverv til formål.

**Visjon**
BIT20 skal opna ein større musikalsk verd og går inn i musikken med openheit og mot til å utforska og eksperimentera. Me strekk oss for å dela unike, musikalske opplevingar med publikum.

**Vårt samfunnsoppdrag**
Samtidsmusikk er eit viktig levande kunstuttrykk som er i stadig omforming. BIT20 sitt ansvar er å formidla musikken til eit breitt publikum på ulike måtar.

Me er utforskande, og visar mangfald av retningar og kreativitet. BIT20 Ensemble formidlar musikk for sinfonietta som allereie har skrive seg inn i musikkhistoria, men som sjeldan vert framført i Noreg. BIT20 Ensemble er den einaste sinfoniettaen i Bergen dedikert til samtidsmusikken. Like viktig er det å utvikla sjangeren vidare og å skapa heilt ny musikk og nye prosjekt. Me arbeidar kontinuerleg for å skapa større merksemd for samtidsmusikk og musikalsk eksperimentering.

**Strategi**
BIT20s strategiplan vektlegg tilgjengelegheit sterkt. Difor trekk me fram siste del av formålsparagrafen «å gjera denne [musikken] kjent for eit breitt publikum» - i vårt øvste mål, som er å «auka merksemda rundt ensemblet og for samtidsmusikken generelt.»

## BIT20 seier følgande om dette i strategiplanen:

**Me vil:**
- Engasjera eit breitt og variert publikum på ein innovativ måte
- Auka vårt lokale publikum, og bli meir synlege internasjonalt
- Utforska nye måtar å promotera ensemblet sine aktivitetar på

**Me utdjuper det slik:**
"Musikken ensemblet presenterer er ofte overraskande og uventa. Me ynskjer å bryta ned barrierar mellom kunstnarar, utøverar og publikum. (...) Ein konsert med BIT20 skal vera eit rom for nye erfaringar, oppdagingar og diskusjon." Like viktig er sjølvsagt første delen av vår formålsparagraf, å "fremma utøvinga av norsk og internasjonal samtidsmusikk." I strategien formulerer me følgande utdjuping av dette i vårt mål nummer to: "BIT20 vil jobba for stadig høgare kvalitet i framføring og presentasjon av samtidsmusikken."

# 04 Aktivitet, innhald og fakta

## Samandrag av aktiviteten

Forkorting
UR = Urframføring (verdspremiere)
NP = Noregspremiere
TV = Tingingsverk

2022 var eit innhaldsrikt år. Etter nedstenging på grunn av korona opna BIT20 året med ein konsert på festivalen Borealis i mars med BIT20 Ensemble sin strykekvartett (Jutta Morgenstern, Martin Schultz, Lieve Klava og Agnese Rugevica). Festivalen hadde eit amerikansk-inspirert program med festivalprofilen Roscoe Mitchell på repertoaret.

Strykekvartetten til BIT20 Ensemble har dei siste åra fått ein stadig større rolle som ein del av ensemblet si verksemd. Strykekvartetten har byrja å bygga seg opp eit repertoar av nolevande komponistar og er i likskap med det fulle ensemblet, BIT20 Ensemble, etterspurt av festivalar og samarbeidspartnarar.

BIT20 Ensemble har hatt eit langvarig samarbeid med Griegakademiet og i mai var BIT20 ein del av eit kunstnarisk forskningsprosjekt initiert av Arnulf Mattes og Dániel Péter Birò saman med Senter for Griegforskning og Griegakademiet.

På Festspillene i Bergen satt kunstnarisk leiar, Trond Madsen, saman eit program etter stikkorda «Festival i festivalen» og «Clubbing» som resulterte i ein heilaften med tre konsertar bunden saman av elektroniske lydkulissar komponert av Thorolf Thuestad og med gjester frå inn- og utland.

Dei ulike verka rullerte mellom fire scener som var satt opp i same rom på Kulturhuset i Bergen. Kveldens varierte program vart tatt veldig godt i mot og spesielt ei eigen scene midt i rommet med ein cembalo sto ut som eit høgdepunkt. Eit ny-restaurert verk frå 1972 for cembalo og elektronikk av den italienske komponisten Luc Ferarri fekk heile rommet til å vibrera.

Kvelden vart avslutta med Spellemannsvinnarane Niilas og Vilde Tuv som hovudgjestar. Ein krevjande produksjon med mykje planlegging og detaljar vart gjennomført knirkefritt av eit dyktig produksjonsteam leia av Kjetil Fluge.

Musikarane i ensemblet har i lang tid vist eit internasjonalt toppnivå, men og støttefunksjonane i BIT20 har tilsvarande kapasitetar. Dette er me veldig stolte av.

BIT20 Ensemble sin strykekvartett deltok og på Festspillene i Bergen sitt utviklingsprogram Luna Composition Lab. Samarbeidet med Festspillene i Bergen har over dei siste åra vorte betre og betre og å vera del av deira utviklingsprogram er noko BIT20 sett høgt. Det har og alltid vore i ensemblet si ånd å ville vera med å utvikla og skulera dei kommande generasjonane med komponistar.

Strykekvartetten var og ein del av KODEs huskomponist konsertforedrag om stillheit og mellomrom i musikken.

At BIT20 vert lagt merke til internasjonalt er noko me er stolt av. I overgangen til 2022 vart det klart at vår EØS-søknad om samarbeid med aktørar i Polen fekk tilslag. I løpet av året resulterte dette i eit besøk til Polen i sommarferien, og på den anerkjente Warsaw Autumn festivalen i september. Samarbeidet fortset i 2023 med fleire besøk til Polen og gjenbesøk til Bergen.



Foto: Martyna Chmura

Det er viktig for BIT20 Ensemble å vera eit ensemble som er bevisst sitt samfunnsansvar. Eit aspekt ved dette er å sørga for at flest mogleg røyster vert brakt fram i ljoset. Kunstnarisk leiar har eit bankande hjarte for kunstnarar som ikkje har fått dei moglegheitene dei forten og det var difor eit stort pluss at BIT20 deltok på Bergen Kirkeautunnale sin portrettkonsert av komponist Ruth Bakke, både i programmering og framføring. På same konsert fekk BIT20 og moglegheita til å visa fram Bergen sin nye orgelvirtuos, Jonas Apeland, som var solist for kvelden.

Eit anna område av vårt samfunnsoppdrag er å invitera yngre menneskjer til ein musikalsk og lydleg verd som dei elles sjeldan får oppleva. Difor er våre deltakar- og DKS-prosjekt viktig for BIT20. I 2022 hadde BIT20 mellom anna deltakarprosjekt med BrassWind festivalen og Ilios-festivalen i Harstad. Som ein del av deltakarprosjektet i Harstad med festivalen ILIOS besøkte eit fullt ensemble og stab Harstad der BIT20 sitt tingingsverk Living Landscapes av Tine Surel Lange vart framført. Living Landscapes vart nominert av Norsk Komponistforening til eit av Årets Verk 2022.

Avsluttande arrangement for 2022 var tredje konsert i konsertserien #NORDEN, no dedikert finsk samtidsmusikk. Hovudverket denne kvelden var Kaija Saariaho sin fiolinkonsert Graal théâtre. Verket vart komponert i 1995 medan ho gjekk gravid med si dotter Aliisa Neige Barrière, som for anleiinga var kveldens dirigent. Peter Herresthal, tidlegare fiolinlærar for Barrière, var solist og hadde med dette sin aller siste opptreden i Bergen, og nest siste konsert som fiolinsolist før han la opp karrieren som fiolinsolist.

Herresthal fekk nokre av sine første erfaringar som ung fiolinsolist med BIT20 Ensemble, og runda med dette av solistkarriera med BIT20 Ensemble og. Det var i tillegg særs meiningsfullt å kunne gje ein ung dirigent same moglegheit og erfaring med ensemblet som Herresthal fekk i si tid. Barrière er tidlegare fiolinstudent av Herresthal og dotter av ein av hans næraste samarbeidspartnarar gjennom mange år, Kaija Saariaho. Med det vart ringen slutta samstundes som ein ny starta.

To av BIT20 sine tingingsverk, The Exotica Album av Øyvind Torvund og Hybrid Spetakkel av Knut Vaage, vart nominert til Nordisk råds musikkpris i 2022. Prisen gjekk til Karin Rehnqvist, ein komponist BIT20 har samarbeida med ved tidlegare høve.

# Konsertar og produksjonar

16. mars
**Opningskveld**
Kulturhuset i Bergen

**Konsert på festivalen Borealis**
BIT20 Ensemble sin strykekvartett framførte tre noregspremierer av tre nolevande amerikanske komponistar. Roscoe Mitchell som utforskar improvisasjon og notert musikk. Catherine Lamb med hennar fascinasjon for mikrotonalitet, og filippinsk-amerikanske Susie Ibarra som utforskar det levande signalspråket frå den filippinske kulintang-tradisjonen.

**Publikum:** 300
**Videodokumentasjon:** Ben Speck/ Boralis

**Program:**
Cathrine Lamb - divisio spiralis (3,45') **NP**
Instr.: vl1, vl2, va, vc

Roscoe Mitchell - 9/9/99 with Cards (12') **NP**
Instr.: vl1, vl2, va, vc

Susie Iberra - Pulsation (7,30) **NP**
Instr.: vl1, vl2, va, vc, perc

2. april
**#NORDEN 2: Sverige**
Mimes Brønn, Campus Kronstad

**Konsert med samtale**
Konsertserien #NORDEN presenterer musikk frå kvart av dei nordiske landa og gjer eit forsøk på å visa noko av breidda i det kunstnariske spekteret. Dette var konsert nummer to i konsertserien utvikla av kunstnarisk leiar for BIT20, Trond Madsen, med tematikk svensk samtidsmusikk.

Konserten vart gjesta av komponistane Djuro ZIvkovic og Johan Svensson. Amalie Stalheim var cellosolist i Britta Byström sitt verk. Stalheim har på rekordtid gjort internasjonal kometkarriere og gav konserten ein ekstra dimensjon.

**Publikum:** 52
**Dirigent:** Christian Karlsen
**Solist:** Amalie Stalheim (cello)
**Videodokumentasjon:** BIT20

**Program:**
Anders Hillborg - Scream Sing Whisper (21') **NP**
Instr.: fl, ob, cl1, cl2, bsn, hrn1, hrn2, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vc, cb

Britta Byström - Figures at the Seaside (23') **NP**
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vc, cb + solo cello

Djuro Zivkovic - On the Guarding of the Heart (20')
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc, pno, vln1, vln2, vla, vc, cb

Lisa Streich - Francesca (17') **NP**
Instr.: fl, ob, cl, perc, pno, vln, vla, vc

Johan Svensson - Stop Motion (18,30)
**NP**
Instr.: fl, ob, trb, perc, vln, vc, cb, elec, pno, obj 1/2/3



Foto: Synne Sofi Bårdsdatter Bønes

2. mai
**Remembering Lost Music: Jewish cultural heritage in Scandinavia**
St. Markus kirke

**Konsert i samarbeid med Griegakademiet og Senter for Grieg-forskning**
Med dette kunstnariske forskningsprosjektet som kombinerte kunstnariske, historiske og musikkvitskapelege perspektiv, ynskja me å auka medvit om jødisk kulturarv i Bergen, Noreg og Skandinavia.

**Publikum:** 68

**Program:**
Julia Constance Wiger-Nordås - Resitasjon **UR**
Instr.: perc, cla, voice

Francisco Corthey - but who? **UR**
Instr.: trp, perc, voice

Isak Hård - Om eg berre visste **UR**
Instr.: cla, vln, voice

Emiliano Ortíz Benítez - Ágata Blanca **UR**
Instr.: pno, cla, voice



Foto: Synne Sofi Bårdsdatter Bønes

4. juni
**Klubb 70**
Kulturhuset i Bergen

**Konsert på Festspillene i Bergen**
Festspillene i Bergen inviterte BIT20 til å kuratera ein konsertkveld med stikkorda «Festival i festivalen» og «Clubbing». Resultatet vart tre konsertar på 45 minutt kvar med eit særs variert program. Kvelden vart ein av ensemblet sine største suksessar nokonsinne med utseld sal og lang kø.

**Publikum:** 340
**Dirigent:** Trond Madsen
**Solist:** Alwynne Pritchard (sopran/performance), Thorolf Thuestad (elektronikk), Jarle Rotevatn (piano/cembalo) Peder Niilas Tårnesvik (keyboard/elektronikk), Vilde Tuv (keyboard/opptak/røyst/elektronikk), Owen Weaver (perkusjon)
**Videodokumentasjon:** BIT20


Foto: Christine Bouché

**Program:**
**Konsert del 1**
**Klokka 21.00-21.45**
Thorolf Thuestad - Interlude nr. 1 **UP, TV**
Instr.: elec

György Ligeti - Bilhornpreludium nr. 1, frå Le Grand Macabre
Instr.: 4 utøvarar (perc) med tre bilhorn kvar, (12bilhorn)

Øyvind Torvund - Starry Night
Instr.: fl, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vlc, cb, elec

Rob Kelly - Synaptic Counterpoint **UR**
Instr.: fl, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, btndr, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vlc, cb, elec

Lisa Braathen - Thoughts
Instr.: pno

Hans Abrahamsen - Canon 2a from Schnee
Instr.: afl, corA, cl, pno

John Adams - Shaking and Trembling frå Shaker Loops
Instr.: vln(3), vla, vlc(2), cb

Eirik Havnes - Microtopia I & II
Instr.: cl, trb, org(synth), vln, vlc

Øyvind Torvund - Out of the Jungle
Instr.: ffl, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vlc, cb, elec

**Pause:**
Thorolf Thuestad - Interlude nr. 2 **UP, TV**
Instr.: elec

**Konsert del 2**
**Klokka 22.15-23.00**
György Ligeti - Ringeklokkepreludium, frå Le Grand Macabre
Instr.: 2 utøvarar (perc) med tre ringeklokker kvar (6 ringeklokker)

Luc Ferrari - Programme commun pour clavecin et bande – Musique socialiste ? NP
Instr.: hpd, elec

Vinko Globokar - Soprano Tapaguese
Instr.: solo voice

Bernhard Parmegiani - La Création du Monde
Instr.: elec

KITTEN - trio improvisation **UR**
Instr.: perc, solo voice, live elec

Javier Alvarez - Temazcal
Instr.: Maracas, perc solo m/elec

**Pause:**
Thorolf Thuestad - Interlude nr. 3 **UP, TV**
Instr.: elec



Foto: Linn Heidi Stokkedal

**Konsert del 3**
**Klokka 23.15-00.30**
Niilas - My Heavenly **UR**
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vlc, cb, elec

Vilde Tuv - Little Crack **UR**
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vlc, cb, elec

Niilas - Chaga **UR**
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vlc, cb, elec

Vilde Tuv - Jeg kommer hjem nå **UR**
Instr.: solo performance

Trond Reinholdtsen - The Anti-Internet Piece
Instr.: solo performance

Niilas - Driving to Gárasavvon **UR**
Instr.: elec

Vilde Tuv - Melting Song **UR**
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vlc, cb, elec

Niilas - Also This Will Change **UR**
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vlc, cb, elec

29. mai
**Luna Composition Lab**

**Workshop i samarbeid med Festspillene i Bergen**
Luna Composition Lab er eit komposisjonskurs utvikla av Missy Mazzoli og Ellen Reid der unge kvinner og ikkje-binære mellom 13 og 18 år lærer å komponera musikk.

BIT20 Ensemble sin strykekvartett var for andre året på rad invitert av Festspillene i Bergen til å vera med på utviklingsprogrammet Luna Composition Lab. Strykekvartetten framførte verk av mentorane og deltakarane og presenterte sitt arbeid.

**Mentor:** Missy Mazzoli, Therese Birkelund Ulvo
**Deltakarar:** 5 (tre amerikanske, to norske)

**Program:**
Missy Mazzoli - Enthusiasm Strategies (5,5')
Instr.: vln1, vln2, vla, vlc

Therese Birkelund Ulvo - Wind We, Wind Swiftly (12')
Instr.: vln1, vln2, vla, vlc

12. juni
**Lyd, stillhet og mellomrom**
Troldhaugen, Troldsalen

**Konsert i samarbeid med KODE**
KODEs huskomponist for 2022, Rebecka Sofia Ahvenniemi, kuraterte ein konsert der ho presenterte verk av komponistar som på ulike måtar har gjort «stillheit» og «mellomrom» til sitt domene. BIT20 sin strykekvartett spelte tre verk. Andre komponistar som vart framført av andre musikarar denne konserten var Morton Feldman, Salvatore Sciarrino, Beat Furrer og Ellen Lindquist.

**Publikum:** 35

**Program**:
Rebecka Ahvenniemi - Tacit-Citat-ion (7')
Instr.: vln1, vln2, vla,cl

Sigurd Fischer Olsen - Mezzo (7')
Instr.: vln1, vln2, vla,cl


Foto: Thor Brødreskift/FiB

Foto: Thor Brødreskift/FiB





Foto: Sjur Pollen


Foto: Martyna Chmura


Foto: Martyna Chmura

31. juli - 2. august
**Sommarkurs med konsert i Polen**
Lublin

**Samarbeid med Harmonies and Noises**
Gjennom 2022 og 2023 har BIT20 Ensemble eit EØS-samarbeid med dei polske aktørane Harmonies & Noises, Warsaw Autumn festivalen og KODY festivalen. Samarbeidet vart kickstarta med ein konsert i Lublin av BIT20 Ensemble sin strykekvartett. Programmet var breitt samansett med utdrag frå fleire verk. Martin Shultz, fiolinist i kvartetten, band konserten og verka saman med innleiingar og anekdotar. Verkslista representerte komponistar frå BIT20 Ensemble sin tidlegare og nyare historie.

**Deltakarar:** 56
**Publikum:** 100

**Program:**
Missy Mazzoli - Enthusiasm Strategies
Instr.: vln1, vln2, vla, cl

Rebecka Sofia Ahvenniemi - Tacit-Citat-ion
Instr.: vln1, vln2, vla, cl

Olivia Bennett - Mass
Instr.: vln1, vln2, vla, cl

Akira Nishimura - Rati
Instr.: vln1, vln2, vla, cl

Karen Tanaka - Shibuya Tokyo
Instr.: vln1, vln2, vla, cl

Therese Birkelund Ulvo - Wind we wind swiftly
Instr.: vln1, vln2, vla, cl

Cassandra Miller - Swainson's Thrush
Instr.: vln1, vln2, vla, cl

Christopher Stark - Spring Music
Instr.: vln1, vln2, vla, cl

21. september
**Die Stadt ohne Juden**
Garnizon Sztuki, (Warszava, Polen)

**Stumfilmkonsert på Warsaw Autumn Festival**
Under årets Warsaw Autumn festival, framførte BIT20 Ensemble Olga Neuwirth sin musikk frå 2018 til stumfilmen Die Stadt ohne Juden. Boka med same namn, forfatta av Hugo Bettaueri i 1922 og filmatisert i 1924, vart nyleg restaurert av Filmarchiv Austria. Filmen er regissert av Hans Karl Breslauer. Filmen sin tematikk om ekskludering er diverre særs høgaktuell i dagens verdsbilete. Det gjorde eit ekstra sterkt inntrykk å framføra denne i Polen med bakteppe frå deira eigen aukande høyreekstreme politikk og diskriminering av mellom anna LHBTQ+ miljøet.

**Publikum:** 85
**Dirigent:** Christian Karlsen

**Program:**
Olga Neuwirth - Die Stadt ohne Juden (88')
Instr.: cl, bcl, cbcl, tsax, tpt, trb, perc,


Foto: Grzegorz Mart

25. september
**aSPIRations**
Bergen Domkirke

**Konsert på Bergen Kirkeautunnale**
Det har lenge vore eit ynskje hos Madsen å løfta fram komponist Ruth Bakke i medvita til musikarar og publikum. Omsider byrjer Bakke å få den plassen ho forten i den norske komponiststanden og BIT20 er stolte av å bidra til dette med tingingsverket aSPIRations.

På Bergen Kirkeautunnale var BIT20 med på ein portrettkonsert av Bakke som inkluderte fleire av hennar verk; To av hennar mest sentrale verk for orgel og ein ny ensembleversjon av Into the light. Det var og eit høgdepunkt å få vist fram den nyutdanna organisten frå Conservatoire National Supérieur de Musique et de Danse, Jonas Apeland, til Bergen.

**Publikum:** 83
**Dirigent:** Christian Karlsen
**Solist:** Jonas Apeland (orgel), Mari Halvorsen (fiolin)
**Videodokumentasjon:** BIT20
**Lydopptak:** Norsk Komponistforening

**Program:**
Ruth Bakke - Toccata - Himlens Konge vil vi prise (3')
Instr.: solo orgel

Ruth Bakke - Meditasjon - Naglet til et kors (5')
Instr.: solo orgel

Ruth Bakke - Into the Light (9') **UR**
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, 2perc, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vc, cb, elec, organ, solo fiolin

Olivier Messiaen - L'Ascension - II. Alléluias... (6')
Instr.: solo orgel

Olivier Messiaen - L'Ascension - III. Transports... (5')
Instr.: solo orgel



Foto: Gyrid Cecilie Nygaard

2. oktober
**BrassWind**
Åsane Kulturhus

**Workshop og konsert på festivalen BrassWind**
BIT20 sin komposisjonsapp BITWaves fører til stadig nye samarbeid. Kunstnarisk leiar for BrassWind og komponist Craig Farr inviterte BIT20 til å delta på på den årlege samtidsmusikkfestivalen for amatør- og profesjonelle musikkorps. Håkon Skjæret og Owen Weaver frå BIT20 deltok på utviklinga og framføringa av eit nytt verk for tre skulekorpsbrassband og live elektronikk. Gjennom fire workshops og ein konsert samkomponerte skulekorpsbrassband frå Ytrebygda, Manger og Krohnengen eit stort verk. Saman med det analoge musikkuttrykket utøvd av korpsene, stod BITWaves for eit digitalt lydbilete. som var komponert, styrt og framført av skulekorpsmusikantane.

**Publikum:** 160
**Deltakarar:** 90

3. - 9. oktober
**Lyden av Harstad**
Harstad sentrum og Quality hotell

**Byvandring og konsert på festivalen ILIOS i Harstad**
Det største deltakarprosjektet i 2022 var Lyden av Harstad, eit samarbeid med festivalen for ny musikk, ILIOS. Etter fleire avlysingar på grunn av pandemien kunne prosjektet endeleg gjennomførast.

Håkon Skjæret og prosjekttilsett Harald Jordal Johannessen presenterte dei digitale musikk- og videoverktøya BITWaves og ILIOS' AR-app til sju lokale ungdommar mellom 15 og 18 år i Harstad.

Over ei veke lærte deltakarane om komposisjon og samla lydar med appane.



Foto: Eirik Hågensen/iHarstad

Dette resulterte i ei byvandring med fem stopp utvikla av deltakarane, samt ein konsert som avslutta ILIOS-festivalen:

**Første stopp:** Prosjektpresentasjon på festivalkontoret. Publikum fekk instruks om å lasta ned ILIOS sin AP-app.
**Andre og tredje stopp:** Hilsegata og Busstasjonen. Publikum scanna lokasjonar med mobilane sine som trigga dei audio-visuelle kunstverka.
**Fjerde stopp:** Harstad Makers sitt verkstad. Deltakarane presenterte eit verk basert på feltopptak av byen med BITWaves.
**Femte stopp:** Konsert på Quality hotell.

Hovudverket *Lyden av Harstad* vart framført i form av ein minikonsertmed videomateriale frå ulike stader i byen. Dei digitale musikk- og videoverktøya BITWaves og ILIOS' AR-app vart nytta, samt vanlege instrument.

Prosjektet engasjerte lokalmiljøet i Harstad på mange plan, med både formelle og uformelle samarbeid og fekk stor merksemd i dei lokale avisene med fleire oppslag i Harstad Tidende og iHarstad, samt radioinnslag på NRK Troms og Finnmark. Her fekk BIT20 vist sitt potensiale som musikalsk og sosialt bindeledd mellom mange aktørar og mennesker i lokalsamfunnet.

**Publikum:** 35
**Deltakarar:** 7
**Prosjektleiar:** Håkon Skjæret
**Komponist og pedagog:** Harald Jordal Johannessen

**Kick-off seminar:** 9. - 11. september, Harstad
**Prosjektveke:** 3. - 9. oktober, Harstad

8. oktober
**Living Landscapes**
Harstad Kulturhus, Storsalen scene

**Konsert på festivalen ILIOS**
BIT20 Ensemble tok med seg tingingsverket frå august 2020 til Harstad og Ilios-festivalen 2022. Dette var meint framført ved festivalen i 2021, men pga. koronasituasjonen vart det først mogleg i 2022. Verket er tinga av BIT20 Ensemble med stor vekt på det elektroniske og billedlege uttrykket. Verket er for video, ensemble og 8 kanals live elektronikk. Verket ble nominert av Norsk Komponistforening til Årets verk 2022.

**Publikum:** 40
**Elektronikk:** Thorolf Thuestad
**Videodokumentasjon:** BIT20

**Program:**
Tine Surel Lange - Living Landscapes (50')
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, perc2, pno, hrp, vln1, vln2, vla, vcl, cb, elec, video


Foto: Åsa Opedal

1. november
**#NORDEN 3 - Finland**
Nykirken

**Konsert med samtale**
Konsertserien #NORDEN presenterer musikk frå kvart av dei nordiske landa og gjer eit forsøk på å visa noko av breidda i det kunstnariske spekteret. Dette var konsert nummer tre i konsertserien, med tematikk finsk samtidsmusikk.

Dialogen og samtalen om konserten har i lengre tid føregått saman med fiolinist Peter Herresthal. Han har i lang tid hatt eit nært samarbeid med Kaija Saariaho og det var eit ynskje å ha han og Saariaho sin fiolinkonsert som en sentral del av denne konserten.

Herresthal har og ein lang historie med BIT20 Ensemble, sidan hans start som konsertfiolinist. Den unge dirigenten Aliisa Neige Barriére var med å kuratera konserten. Komponist Maija Hynninen deltok på konserten og var med å styra elektronikken på hennar verk.

Kaija Saariaho var pga. sjukdom diverre hindra frå å vera tilstade. Madsen leia ei samtale med Barriére og Hynninen.

Dette var ein av Herresthal sine aller siste offentlege konsertar. Like i etterkant offentleggjorde Herresthal at han avsluttar si karriere som konsertfiolinist.

**Publikum:** 82
**Dirigent:** Aliisa Neige Barrière
**Solist:** Peter Herresthal (fiolin), Hege Sellevåg (obo)
**Videodokumentasjon:** BIT20

**Program:**
Magnus Lindberg - Corrente (18')
Instr.: fl, ob,cl,bsn, hrn 1,hrn2, trp, trb, perc, hrp,pno,vln1,vln2, vla, vcl, cb

Lotta Wennäkoski - Nosztalgiaim (14')
**NP**
Instr.: fl,ob, cl/bcl, bsn,hrn, trp,trb,vln1,vln2,vla,vcl,cb

Paavo Heininen - Maiandros (13') **NP**
Instr.: elec

Maija Hynninen - Freedom from Fear (12') **NP**
Instr.: elec, ob

Kaija Saariaho - Graal théâtre (25')
Instr.: fl, ob, cl/bcl, bsn, hrn1, hrn 2, trp, trb, perc1, perc 2, pno, hrp,vln1, vln2, vla, vcl, cb



Foto: Thor Brødreskift



Foto: Thor Brødreskift

# Deltakarprosjekt

Ein viktig del av BIT20 si verksemd er deltakarprosjekta. Mennesker i alle aldrar og med ulik tilnærming og kunnskap til musikk får moglegheit til å arbeida med profesjonelle musikarar i pedagogiske settingar.

| | |
|---|---|
| **Dette kan delast i to kategoriar:** | Skuleprosjekt knyta til DKS<br>Opne deltakarprosjekt |
| **Deltakarprosjekt 2022:** | DKS BITWaves<br>Luna Composition Lab<br>BrassWind<br>Lyden av Harstad |

## DKS

Som ein sentral del i våre DKS-prosjekt bruker BIT20 vår eigenutvikla komposisjonsapp BITWaves. Appen fekk sitt oppsving under pandemien og fungerer veldig bra i undervisningsopplegg. På dagsbesøk til skular i regionen lærer Håkon Skjæret (teaching artist i BIT20) og Owen Weaver (perkusjonist i BIT20 Ensemble) elevar å ta opp ukonvensjonelle lydar med appen BITWaves og setja det saman til små komposisjonar. Dei siste åra har BIT20 samla inn minikomposisjonar laga med BITWaves og for kvart skulebesøk vert det lasta opp nye komposisjoner til BIT20 sin digitale lydbank.

Foto:

**DKS besøk 2022**

| **Dato** | **Skule** | **Antall elever** |
|---|---|---|
| 04.01.2022 | Montesorriskolen i Bergen | 17 |
| 07.01.2022 | Paradis skole | 24 |
| 19.04.2022 | Smørås skole | 15 |
| 26.04.2022 | Montessoriskolen i Bergen | 29 |
| 06.05.2022 | Nattland oppveksttun (hørsel-Statped) | 15 |
| 31.05.2022 | Smørås skole | 21 |
| 03.06.2022 | Smørås skole | 15 |
